



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato
11.03.2015
Dykkar dato
25.09.2014

Vår referanse
2014/11737 423.2
Dykkar referanse
14/2728-14/21827

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Klagesak etter matrikkellova– Gnr. 99 bnr. 4 – Krav om bortfall av gebyr

Fylkesmannen viser til oversending motteken her den 29.09.2014, med ettersending av manglende dokument den 05.01.2015.

Vedtak

Lindås kommune sitt vedtak vert stadfesta.

Bakgrunn for saka

Alf Eikevik rekvirerte den 20.03.2014 oppmålingsforretning for eigedomen gnr. 99 bnr. 4 i Lindås kommune. I rekvisisjonen var det kryssa av for klårlegging av eksisterande grense etter matrikkellova (ML) § 33.

Partane vart innkalla til oppmålingsforretning ved brev av 10.04.2014, og forretninga vart halde den 24.04.2014. På forretninga vart det sett ned 6 nye grensemerker. I tillegg vart det målt fleire punkt på eksisterande steingard. Grenseline vart prøvd gått opp etter jordskifte frå 1903. Begge partane var einige om grenselina, og protokoll vart underteikna på staden.

Gebyr for oppmålingsforretninga vart i samsvar med Lindås kommune sitt gebyrregulativ berekna til kr. 12 000,-. Faktura blei sendt ut den 30.04.2014, med forfall den 19.05.2014.

Ved brev av 27.06.2014 krev Eikevik tilbakebetalt gebyret. Han viser til at det på kommunen si heimeside er opplyst at det ikkje kan krevjast gebyr for retting av matrikkelen.

I vedtak av 18.09.2014 har Lindås kommune avslått søknaden om tilbakebetaling av gebyret. Kommunen viser til at det ikkje er tvil om bruk av rett gebyr. Kommunen viser vidare til at markarbeid var nødvendig då grensa ikkje tidlegare har vore målt med GPS/kikkert, og at dette ikkje er det same som retting av matrikkelen. Det er målt til saman 14 punkt medrekna nye grensemerker og målt steingard. Gebyret er rimeleg i forhold til det som er målt, dokumentert og ført i matrikkelen.

Alf Eikevik har klaga på avslaget ved brev av 21.09.2014. Han hevdar det ikkje er kravd oppmåling, justering eller påvising av eigedomsgrense, men det er kravd retting av feil grense i matrikkelen i høve merker i terrenget og protokoll frå Nordhordland sorenskrivars utskiftingsforretning av 11.12.1900.

Lindås kommune har ikkje teke klagen til følge, men har sendt klagen over avslaget på tilbakebetaling av gebyret til Fylkesmannen for klagebehandling, jf. ML § 46 andre ledd, jf. første ledd bokstav k.

Fylkesmannen si vurdering

Saka gjeld fastsetjing av gebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare har vore koordinatbestemt.

Innleiingsvis peiker Fylkesmannen på at det etter rekvisisjon er halde oppmålingsforretning i saka, og gebyr for dette er berekna i samsvar med Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2014, kap. 13. Det synast ikkje å vere usemje mellom partane om dette.

Klagar har likevel kravd gebyret tilbakebetalt då han hevdar hans krav var å få retta grensene i matrikkelen då dei ikkje var i samsvar med utskiftingsforretninga. Han viser til at det på kommunen si heimeside er opplyst at det ikkje kan krevjast gebyr for retting av matrikkelen.

Kommunen på si side legg til grunn at opplysninga på heimeida er avgrensa til saker der det ikkje vert naudsynt med oppmålingsforretning.

Fylkesmannen er einig i kommunen si forståing av artikkelen på heimesida. Vi viser i så måte til at det av artikkelen går fram at saker om retting gjeld saker der det ligg føre «*tilstrekkeleg dokumentasjon*», jf. også matrikkelforskrifta (MF) § 16 andre ledd bokstav d der det går fram at kommunen ikkje kan krevje gebyr for føring av opplysningar i matrikkelen i saker «*uten oppmålingsforretning*».

Det rettslege grunnlaget for at ein part kan krevje matrikkelen retta går elles fram av ML § 26 tredje ledd første setning. Føresegna lyder som følger:

«Ein part kan krevje at matrikkelen blir retta når det blir dokumentert at opplysningane er urette eller ufullstendige, eller at grunnlaget for registreringa er falle bort.»

Av førearbeida¹ til denne føresegna går det mellom anna fram følgjande:

«Endring av grenser i matrikkelkartet kjem i ei spesiell stilling. Hovudregelen er at matrikkelkartet berre kan endrast ved at det blir utført ny oppmålingsforretning. Dersom det f.eks. ligg føre rettskraftig avgjerd ved domstolane for at ei grense skal gå på ein annan stad enn angitt i matrikkelen, skal matrikkelen endrast i samsvar med dette. Det kan likevel vere behov for å halde oppmålingsforretning, for å få eit teknisk eigna grunnlag for å utføre retting på kartet.

Dersom ein part kan dokumentere at ei grense, som tidlegare ikkje er klarlagt i oppmålingsforretning eller tilsvarande, går ein annan stad enn angitt i matrikkelkartet, kan kommunen etter forholda rette matrikkelkartet utan å krevje oppmålingsforretning.»

Det går her fram at hovudregelen er at endring av matrikkelkartet berre kan endrast ved at det vert utført oppmålingsforretning. Dersom ein part kan dokumentere at ei grense, som tidlegare ikkje er klarlagt i oppmålingsforretning eller tilsvarande, går ein annan stad enn angitt i

¹ Ot. prp. nr. 70 (2004-2005) s. 135

matrikkelkartet, kan kommunen likevel «etter forholda» rette matrikkelkartet utan å krevje oppmålingsforretning. Vurderinga må her vere om den dokumentasjon som ligg føre gir eit «teknisk eigna grunnlag for å utføre retting på kartet».

Dokumentasjonen som er lagt fram i denne saka er ei utskiftingsforretning frå 11.12.1900. Forretninga beskriv grensene, men dei er ikkje koordinatfesta eller på annan måte målt på ein slik måte at dei oppfyller ML sine krav til det geodetiske grunnlaget.

På dette grunnlag finn Fylkesmannen det klart at den aktuelle endringa av grensene i matrikkelkartet ikkje kunne gjerast som ei retting utan oppmålingsforretning. Endringa måtte derfor gjerast som ei klårlegging av eksisterande grense etter ML § 33. Dette inneber at det må utførast ei oppmålingsforretning med protokoll. Oppmålingsforretninga må rekvirerast i samsvar med reglane for dette, og det må betalast gebyr etter kommunen sitt gebyrregulativ.

Fylkesmannen finn ikkje at det i saka er gjort greie for «særelege grunnar» som kan gje grunnlag for reduksjon eller bortfall av gebyr etter gebyrregulativet pkt. 4.12.

Klagen vert etter dette ikkje teken til følgje, og Lindås kommune sitt vedtak vert stadfesta.

Fylkesmannen sitt vedtak kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Anne Kjersti Sande e.f.
seksjonsleiar

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Alf Eikevik Kollåsen 54 5116 ULSET